

**REGULERINGSENDRING FOR DEL AV ØYRENFELTET,
BOKN KOMMUNE
REGULERINGSFØRESEGNER**

Planid : 201304

Vedtatt : 16.12.2014

§ 1 REGULERINGSFØREMÅL.

§ 1.1 Det regulerte området er vist på planen med plangrense.

§ 1.2 Arealet innanfor plangrensa er regulert fylgjande føremål:

§ 12-5. Arealføremål i reguleringsplan.

1. Bygningar og anlegg
 - Frittliggjande bustader
 - Naust

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
 - Veg
 - Ganveg
 - Annan veggrunn
 - Kai
 - Parkeringsplasser

3. Landruk-, natur og friluftsområde samt reindrift
 - Friluftsføremål

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag
 - Småbåthamn
 - Badeområde

§ 2 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Desse føresegnene kjem i tillegg til Plan- og bygningslova, og gjeldande vedtekter i Bokn kommune.

§ 2.2 Etter at desse føresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som strir imot føresegnene til planen.

§ 2.3 Transformator kioskar, kabelskap, vatn- og avløpsanlegg o.l. kan oppførast i planområdet etter nærare godkjenning i kommunen.

- § 2.4 Ved alle byggje- og anleggsarbeid skal det takast mest mogeleg omsyn til terreng og vegetasjon.
Bygningar og anlegg skal tilpassast terrenget. Skjemmande terrenginngrep er ikkje tillete.
Større tre som ikkje er i konflikt med bygningar og anlegg skal ikkje fellast.
- § 2.5 Det kan vera uregistrerte fornminne i området. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og Rogaland Fylkeskommune få melding for ei nærare granskning på staden, jfr. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.
- § 2.6 Alle bygningar og anlegg skal utformast etter prinsippa for tilgjengeleg bueining.så langt råd er.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG.

§ 3.1 OMRÅDE FOR FRITTLIGGJANDE BUSTADER.

- § 3.1.1 Innan området kan det byggjast frittliggjande einebustader.
Maksimal utnyttingsgrad BYA = 25 %.
Det kan byggjast maksimalt 3 høgder.
Maksimal mønehøgde er 8 m, rekna som gjennomsnitt høgde rundt bygget.
- § 3.1.2 Takform vert avgjort ved byggemeldinga.
- § 3.1.3 På situasjonsplanen som fylgjer byggesøknaden, skal det visast plass til garasje + 1 biloppstillingsplass.

§ 3.2 OMRÅDE FOR NAUST

- § 3.2.1 Innan området kan det oppførast naust, med inntil 35 m² grunnflate.
- § 3.2.2 Nausta kan førast opp i 2 høgder.
Maksimal mønehøgde i fronten er 5,5 m.
Maksimal gesimshøgde er 3 m.
- § 3.2.3 Bygningane skal ha saltak, med takvinkel 35 – 45 °.

§ 4.0 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 VEGAR, FORTAU OG PARKERINGSPLASSER

§ 4.1.1 Vegar, fortau og parkeringsplasser skal byggjast i samsvar med tekniske planer godkjent av Bokn kommune.

§ 4.1 KAI.

§ 4.1.1 Området kan nyttast til båplassar for småbåtar.

§ 4.1.2 Fylling i sjø skal avgrensast slik at fyllingsfoten kjem innanfor området for småbåthamn.

§ 4.1.3 Tiltak i sjøen skal godkjennast av Karmsund Havnevesen.

§ 5.0 FRILUFTSOMRÅDE

§ 5.1.1 Innan området kan det ikkje etablerast bygningar eller anlegg av noko slag, med unntak av gangstiar, rasteplassar o.l.

§ 5.1.2 Friluftsområdet skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

§ 6.0 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

§ 6.1 OMRÅDE FOR SMÅBÅTHAMN.

§ 6.1.1 Innan området kan det etablerast brygger og båtfeste, flytande eler faste installasjonar.

§ 6.1.2 Det skal leggjast til rette for fellesløysingar for småbåthamna.

§ 6.1.3 Detaljplanar for småbåthamn skal godkjennast av Karmsund Havnevesen og Bokn kommune.

§ 6.2 BADEOMRÅDE

§ 6.2.1 Området skal skjermast mot båttrafikk mot sør og nord, med fysisk sperre.

§ 7.0 REKKEFYLGJEKRAV

§ 7.1 Fylgjande skal vera opparbeidd før det vert gitt byggeløyve til nye bustader og naust i området:

- Vegar, fortau og parkeringsplassar.

- Vassforsyning- og avløpsanlegg.

Rev. 25.07.14

Stord, 28.11.13

J. TUFTELAND AS